

Utgreiing om aktsomhetsvurderingar knytt til åpenhetsloven for Strøyma AS

Formål:

Formålet med dette dokumentet er å gjere greie for dei vurderingar som Strøyma AS har gjort for å fremje respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Ved å utføre aktsomhetsvurderingar skal ein kunne kartlegge eventuelle risikoområde, og legge til rette for at kritikkverdige forhold vert retta opp i.

Strøyma er ein del av konsernet Fusa Kraftlag SA, konsernet har felles kvalitetssystem og har gjennomført arbeidet knytt til åpenhetsloven som eit prosjekt for heile konsernet. Selskap i konsernet som kjem inn under regelverket skal signere og publisere eigen rapport.

Om konsernet og selskapet:

Konsernet Fusa Kraftlag SA er eit ålmennyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital. Føremålet til selskapet er å fremja interessene til innbyggjarar og verksemder i konsesjonsområdet. Dette skal oppnåast gjennom;

- å eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning.
- å omsetje elektrisk energi.
- å produsere energi, eller delta som eigar i produksjonsanlegg.
- å byggja og driva breibandsnett
- å forvalta kapitalfondet slik at det gjer ei langsiktig stabil inntekt
- å driva, yta midlar til, eller eiga anna verksemd, med naturleg tilknytning til føremålet.
- å delta aktivt i tiltak med ålmennyttig føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde.

Ei av dei viktigaste oppgåvene til konsernet er å byggje og drifte infrastruktur for energi og kommunikasjon. Dette for å byggje opp under eit bærekraftig samfunn.

Verksemdsområda til Strøyma AS er i hovudsak å eiga og drifta fibernettverk, sal av innhaldstjenester til sluttkundar og sal av straum.

Vårt forhold til åpenhetsloven

Konsernet har høgt fokus på ansvarleg og bærekraftig drift, samtidig som me støttar opp om eit større samarbeid i bransjen for å løyse felles utfordringar knytt til dette arbeidet. Konsernet følgjer «Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold» (åpenhetsloven), som pålegg større verksemder å gjennomføre aktsomhetsvurderingar for å unngå negative konsekvensar for menneskerettar, og anstendige arbeidsforhold i eigen organisasjon og i vår leverandørkjede.

Loven byggjer på OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap og FNs veiledande prinsipp for næringsliv og menneskerettar (UNGP), som er dei internasjonale standardane på feltet og som også ligg til grunn for liknende lover i andre land og regelutvikling i EU.

Me er eit av eigarselskapa i Nettalliansen som har felles initiativ med tanke på bærekraft i innkjøp og i andre aktivitetar. Gjennom desse innkjøpa bidrar me til å etablerer rutinar hos våre leverandørar, for å få gode rapportar på vårt fotavtrykk, og at våre leverandørar også jobbar med bærekraft og åpenhet internt.

Byggebransjen, herunder dei byggtekniske faga, har fleire risikomoment ved verksemda med tanke på arbeidsforhold både i Norge og Europa. Blant anna forholda som produkt og komponenter produserast under i Øst-Europa og Asia. I dette notatet gjer me greie for vårt arbeid med aktsomhetsvurderingar knytt til menneskerettar, anstendige arbeidsforhold og etisk handel i tråd med krava i åpenhetsloven.

For å fyller krava i lovverket og dei internasjonale standardane, gjennomfører me følgjande prosess:

1. Forankre ansvaret i retningslinjene til verksemda
2. Kartlegge og vurdere faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som verksemda enten har forsaka, har bidratt til, eller som er direkte knytt til verksemda sine forretningsområde, produkt eller tenester gjennom leverandørkjeder eller forretningspartnarar
3. Iverksette nødvendige tiltak for å stanse, forebygge eller begrense negative konsekvensar basert på våre prioriteringar og vurderingar.
4. Følgje med på gjennomføring og resultat av tiltak
5. Kommunisere med berørte interessenter og rettighetshavar om korleis negative konsekvensar er handtert
6. Sørge for eller samarbeide om gjenoppretting og erstatning der det er påkrevd

1. Forankring av ansvarlighet

Våre styrande dokument skal sørge for at våre retningslinjer er integrert i alle selskap i konsernet. Dei same forventningane blir sett til våre leverandørar og deira underleverandørar.

Konsernet har i 2023 innført egne retningslinjer for ansvarlegheit for rettferdige arbeidsforhold, menneskerettar og korrupsjon, med oppfølgingstiltak for å sikre at menneskerettar og arbeidsrettskrav blir fulgt. Det er forventa at risikoane som er og vil bli avdekket gjennom aktsomhetsvurderingar, vil stilla nye krav til innhald i selskapet sine retningslinjer etter kvart. Dette blir handtert i internrevisjonar som ein del av det pågåande arbeidet med kontinuerleg forbetring.

Me vil ha fokus på å inkludere hensynet til menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i våre interne rutinar og retningslinjer der dette er naturleg.

2. Aktsomhetsvurderingar/risikovurderingar

Innkjøpsprosessen og risikovurderingar av leverandørar er viktig i arbeidet med å fremje respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Me legg OECDs veiledar for aktsomhetsvurderingar for ansvarleg næringsliv til grunn for vårt arbeid.

Me vil i første omgang ikkje prioritere leverandørane me har gjennom vårt eigarskap i Nettalliansen i aktsomhetsvurderingane som blir gjort, fordi desse er del av det felles innkjøpsreglementet i Nettalliansen, og leverandørane vil bli fulgt opp i fellesskap i Nettalliansen.

Me vil i vårt vidare arbeid fortsetje med kartlegging av leverandørkjeda og gjere et utvalg av desse for vidare oppfølging og undersøkingar.

Utvalgte leverandører vil bli bedt om å gjere greie for:

- Foretaksinformasjon (produkter, land, tilsette, underleverandører)
- Menneskerettar og sosialt ansvar
- Arbeidsmiljø/HMS
- Offentleggjering av opplysningar
- Arbeid og ansettelsesforhold

Leverandørane vurderast på bakgrunn av svara, samt basert på kva land leverandørselskapet, produksjonen og underleverandørane har verksemd i. Denne prosessen er under utvikling og forbedring slik at ressursar konsernet vårt brukar på dette kan knytast til aktørar som treng oppfølging for å betre forholda.

Arbeidet med å kartleggje og vurdere negativ påverknad og skade i vår verdikjeda tar for Strøyma sin del utgangspunkt i selskapet sine kjerneområde som drifting og bygging av fibernett, samt sal av innhaldstenester og straumalg. Både risiko knytt til eiga verksemd og leverandørleddet er vurdert på bakgrunn av faktisk rapportering, mens risikovurderingar knytt til verdikjeda bakover etter første og andre leverandørledd er basert på undersøkingar av opne kjelder.

På følgjande område er det avdekka særleg risiko knytt til konsernet sin direkte eller indirekte påverknad gjennom vår verksemd og verdikjeda:

- Konfliktmineraler
- Transport
- Metaller (stål, kopar, aluminium)
- Arbeids- og ansettelsesforhold hos leverandører og produsenter
- Teknologikomponenter

På nokon område kan det bli ei kompleks verdikjeda, med mange ledd og leverandørar. Dette er i seg sjølv ein risiko, då det gjer utfordringar med å ha full oversikt over flyten av materiell, varer og tenester. I hovudsak gjeld dette metall og mineral som har høgare risiko for brot på menneskerettar. Det er også risiko for tvangs- og barnearbeid i desse verdikjedene. Me ser også at teknologisk utvikling av dei meir etablerte faga, fører risikoen ved høgteknologiske komponentar inn i vår tradisjonelle verdikjeda. Innan eksempelvis overvåking og nettstyring ser me økt andel «smarte» komponentar og sensorar som gjer eit meir komplekst risikobilde. Bruken av arbeidskraft, både i eiga verksemd og i form av underentreprenørar, er eit område der det er risiko for potensielle brot på grunnleggjande arbeidsrettar, anstendige arbeidsforhold, samt forhold knytt til HMS og likestilling på arbeidsplassen. Transport er eit viktig risikoområde, fordi vår leverandørkjeda er global og består av mange ledd, der både materiale, komponentar og ferdige produkt skal fraktast over landegrensar. Dette er også et område som foreløpig i liten grad er kartlagt og dokumentert, fordi leverandøren i stor grad sørger for frakt.

3. Oppfølging av underentreprenører og leverandører samt tiltak for å redusere risiko

Sidan våre største leverandørar ofte er grossistar med svært mange underleverandørar, er det vurdert at den største generelle risikoen ligg der. Dei største grossistleverandørane våre har vi gjennom innkjøpsalliansar, der ein har felles innkjøpskriterier og oppfølging av grossistar. Det blir likevel vurdert som eit område der ein vurderer at det er viktig å få kartlagt ein del leverandørkjeder.

Konsernet har satt et langsiktig mål om å ha ein gjennomgang for minimum 10 leverandørar innan 2025 med et særskilt fokus på menneskerettar basert på nye lovkrav. Alle nye kontraktar skal innehalde krav til eigenerklæring frå leverandør for etiske reglar.

4. Overvåke gjennomføring og resultater

Me har eit godt samarbeid med våre leverandørar og forretningspartnarar. Me gjennomfører vurderingar i samband med inngåing av avtalar og oppfølging av desse. Dersom det avdekkast brot på grunnleggjande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold involverar me rettighetshavarar og dei som er berørt, inkludert arbeidstakarar og fagforeningar. Erfaringar frå dette arbeidet vil brukast til forbetring av prosessar og resultat i det vidare arbeidet

5. Rapportering og offentleggjering av informasjon

Administrasjonen har gjennomført aktsomhetsvurderingane, og samtidig informert og involvert styret. Årsrapporten for 2022 vil for første gang innehalde utgreiing i tråd med krava i åpenhetsloven, herunder vårt arbeid med aktsomhetsvurderingar og rutinar for oppfølging av menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i vår organisasjon og verdikjede. Henvendingar og spørsmål knytt til Strøyma AS sitt arbeid med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold kan rettast til: post@stroyma.no eller sendast som fysisk brev, denne typen henvendingar skal svarast opp i løpet av tre veker.

Eikelandsosen 22.06.2023

Dagleg leiar
Tove Hjartnes Fosså


Styreleiar
Ranveig Næss

Nestleiar
Stig Tveit

Styremedlem
Anette Gjøen Berge

Styremedlem
Kathrine Kvamme Tveitnes


Styremedlem
Erling Syvertsen



Tove Hjartnes Fosså





Ranveig Næss




Anette Gjøen Berge



Erling Syvertsen



Kathrine Kvamme Tveitnes



Stig Tveit

